# Møteinnkalling
## Talgje sokneråd

| | |
|---|---|
| Møtedato: | 03.09.2025 kl. 16:30 |
| Møtestad: | Kyrkjekontoret |
| Arkivsak: | 23/04560 |

# Saksliste

## Møteinnkalling

Saksliste Talgje sokneråd 03.09.2025 3

## Godkjenning av innkalling og saksliste

30/25 Godkjenning av innkalling og sakliste 5

## Godkjenning av protokoll

31/25 Godkjenning av protokoll frå førre møte 6

## Saker til behandling

32/25 Det lokale kyrkjelydsarbeidet på øyane våre. I dag: Halsnøy 16

33/25 Etiske retningslinjer i arbeidet med born og unge 17

34/25 Godkjenning av gudstenesteliste for våren 2026 25

35/25 Godkjenning av offertildelingar for våren 2026 33

36/25 Møteplan for våren 2026 35

37/25 Disponering av resultat for 2024 36

38/25 Omstilling i Stavanger krk fellesråd 38

39/25 Visjon og strategiplanen 43

## Åpen halvtime

## Orienteringssaker

40/25 Orienteringssaker 45

## Eventuelt

DEN NORSKE KYRKJA

Talgje sokneråd

# Sakliste
# Talgje sokneråd

| | |
|---|---|
| Møtedato: | 03.09.2025 kl. 16:30 |
| Møtestad: | Kyrkjekontoret |
| Arkivsak: | 23/04560 |

Meld eventuelt forfall snarast på tlf 47010909 eller e-post hs973@kyrkja.no.
Vararepresentantar 2.- 5. vara møter etter nærare melding frå møtesekretær.

| | | |
|---|---|---|
| **SAKLISTE** | | |
| **Godkjenning av innkalling og saksliste** | | |
| 30/25 | 23/04631-22 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| **Godkjenning av protokoll** | | |
| 31/25 | 23/04620-19 | Godkjenning av protokoll frå førre møte |
| **Saker til behandling** | | |
| | | |
| 32/25 | 23/04625-8 | Det lokale kyrkjelydsarbeidet på øyane våre. I dag: Halsnøy |
| 33/25 | 24/00449-11 | Etiske retningslinjer i arbeidet med born og unge |
| 34/25 | 23/04625-7 | Godkjenning av gudstenesteliste for våren 2026 |
| 35/25 | 23/04621-7 | Godkjenning av offertildelingar for våren 2026 |
| 36/25 | 23/04622-15 | Møteplan for våren 2026 |
| 37/25 | 23/04623-23 | Disponering av resultat for 2024 |
| 38/25 | 23/04634-7 | Omstilling i Stavanger krk fellesråd |
| 39/25 | 23/04619-20 | Visjon og strategiplanen |
| **Orienteringssaker** | | |
| 40/25 | 23/04635-21 | Orienteringssaker |
| **Eventuelt** | | |

Finnøy, 27.08.2025

Eilef Johan Gard
leiar

Heidi Bø Sangedal

møtesekretær

DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd

| Sakshandsamar | Arkivkode | Arkivsak | Ugradert |
|---|---|---|---|
| Heidi Bø Sangedal | 411 | 23/04631-22 | |

| Saksnummer | Råd/utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 30/25 | Talgje sokneråd | 03.09.2025 |

# Godkjenning av innkalling og sakliste

## Saksorientering
Innkalling og sakliste er sendt ut til medlem og varamedlem om lag ei veke før møtet.
Sakene er også framlagt AU før utsending.

## Forslag til vedtak
Innkalling og sakliste er godkjent slik den ligg føre.

DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd

| Sakshandsamar | Arkivkode | Arkivsak | Ugradert |
|---|---|---|---|
| Heidi Bø Sangedal | 411 | 23/04620-19 | |

| Saksnummer | Råd/utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 31/25 | Talgje sokneråd | 03.09.2025 |

# Godkjenning av protokoll frå førre møte

**Vedlegg:**
~ 23_04560-33 Protokoll Talgje sokneråd 21.05.2025 370341_3_0

## Saksorientering
Referat frå førre møte er sendt ut til dei frammøtte på mail i etterkant. Evt. endringar er teke med i det endelege referatet som ligg ved.

## Forslag til vedtak
Referat frå førre møte vert endeleg godkjent.

DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd

# Møteprotokoll
# Talgje sokneråd

| | |
|---|---|
| Møtedato: | 21.05.2025 kl. 16:15 |
| Møtestad: | Kyrkjekontoret |
| Arkivsak: | 23/04560 |
| Til stades: | Ola Aasland Vold, Eilef Johan Gard, Beate Steinsvik Jansen, Ottar Sandanger, Margunn Madsen Hovda, Merete Meling Kindingstad |
| Frammøtte varamedlemer: | Else Jorunn Løland, Jon Olav Runestad (til og med sak nr 27/25). |
| Forfall: | Terje Kjølvik, Ingrid Eiane Setvik, Anita Fjukmoen |
| Andre: | Bjørn Terje Bertelsen |
| Protokollførar: | Heidi Bø Sangedal |


| **SAKSLISTE** | | Side |
|---|---|---|
| **Godkjenning av innkalling og saksliste** | | |
| 22/25 | Godkjenning av innkalling og sakliste | 2 |
| **Godkjenning av protokoll** | | |
| 23/25 | Godkjenning av protokoll frå førre møte. | 2 |
| **Saker til behandling** | | |
| **Åpen halvtime** | | |
| 24/25 | Samarbeidsform mellom sokna | 3 |
| 25/25 | Godkjenning av etiske retningslinjer i arbeidet med barn og unge. | 4 |
| 26/25 | Årshjul for soknerådsarbeidet | 5 |
| 27/25 | Revidering av budsjett for 2025 | 6 |
| 28/25 | Sommaropen kyrkje | 6 |
| **Orienteringssaker** | | |
| 29/25 | Orienteringssaker | 7 |
| **Eventuelt** | | |
| | | |


Finnøy 07.07.2025

| | |
|---|---|
| Eilef Johan Gard<br>Leiar | Heidi Bø Sangedal<br>Sekretær |

**Fokus musikk og gudstenesteliv – Ola hadde ei kort innleiing om dei ulike ledda i ei gudsteneste. Bjørn Terje var med i møtet. Det blei kort omsnakka ideen om ein felles barnekoroppføring våren 2026 evt med kveldsangar frå Salmeboka, evt påske/pinsesongar. Else Jorunn kan vere med. Eilef snakkar med Silje om ho kva ho evt kan bidra med.**

**Godkjenning av innkalling og saksliste**

## 22/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Talgje sokneråd | 21.05.2025 | 22/25 |

**Saksorientering**
Innkalling og sakliste er sendt ut til medlem og varamedlem om lag ei veke før møte.

**Forslag til vedtak**

Innkalling og sakliste er godkjent slik den ligg føre.

**Vedtak**

Innkalling og sakliste er godkjent slik den ligg føre.

[Lagre vedtak]

**Godkjenning av protokoll**

## 23/25 Godkjenning av protokoll frå førre møte.

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Talgje sokneråd | 21.05.2025 | 23/25 |

**Saksorientering**
Referat frå førre møte vart sendt ut til dei frammøtte, evt. endringar er tekne med i det endelege referatet som ligg ved.

**Forslag til vedtak**

Referat frå førre møte vert endeleg godkjent slik det ligg føre.

**Vedtak**

Referat frå førre møte er endeleg godkjent slik det ligg føre.

[Lagre vedtak]

**Saker til behandling**

## 24/25 Samarbeidsform mellom sokna

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Talgje sokneråd | 21.05.2025 | 24/25 |

Me hadde eit felles soknerådsmøte for Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn på Sjernarøytunet 25. mars. I dette møte deler me erfaringar frå dette møte og evaluerer møteform, samt snakkar om vegen vidare. Er dette noko me vil gjere årleg? Er det ønskeleg at staben er med? Kor lenge skal det vare? Bevertning? Tema?

**Forslag til vedtak**

Evaluering og vedtak i møtet.

### Møtehandsaming

*Positiv erfaring – det var flott å vere i lag. Ønske om færre orienteringssaker og fokus på ei stor sak som kan drøftast gjerne etter same modell som me gjorde ang. omstillingssaka. Ei sak kan eks. vere kyrkjevalet 2027 Ønsker å ha lokal forankring frå den plassen ein er på.*

### Vedtak

**Soknerådet ønsker å ha ei slik samling om lag annankvart år, gjerne 1. og 3. året i ny soknerådsperiode. Neste gong ønsker ein dette våren 2026 (januarmøtet) – i Talgje sokn.**

[Lagre vedtak]

## 25/25 Godkjenning av etiske retningslinjer i arbeidet med barn og unge.

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Talgje sokneråd | 21.05.2025 | 25/25 |

### Saksorientering

Vedlagt er ei revidert utgåve av brosjyren som gjeld tematikken, samt revidering av hovudpunktene, samt ein avtale som me vil at leierane av kontinuerlege tiltak i vår regi skal gjerast kjent med og skrive under på. Dette gjeld pr i dag styringsgruppa for Open hall.

### Forslag til vedtak

Soknerådet godkjenn retningslinjene slik dei ligg føre evt med endringar som kjem fram i møtet.

### Møtehandsaming

*Sjekk utskrift at tema og tal stemmer overens i brosjyren. Kvar er brosjyren tilgjengeleg? Bør delast ut til alle frivillige, samt ligg synleg i våre samanhengar. Dette bør vere tema*

*for alle frivillige med jamne mellomrom. Ein ser at i tillegg til ressursgruppa for open hall, så kan konfirmantheimegruppeleierane bli orientert og skrive under på dokumentet. Soknerådet ønsker å vite kva deira oppgåve er viss det kjem ein sak i media for eksempel.*

**Vedtak**

**Soknerådet ønsker ei ny sak i haust kor nokon legg fram saka som eit tema. Det må reviderast og omskrivast språkleg.**

[Lagre vedtak]

## 26/25 Årshjul for soknerådsarbeidet

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Talgje sokneråd | 21.05.2025 | 26/25 |

**Saksorientering**
Soknerådet har fem faste møter i året. Januar med fokus diakoni, mars med fokus trusopplæring, juni med fokus musikk og gudstenesteliv. Dette sikrar at ein møter dei tilsette som jobbar med desse fagfelta ein gong i løpet av året. På hausten er det møter i september med blant anna førebuing av valet til 2027  og i november. Er det andre faste tema soknerådet vil at me skal handsame? Utanom hovudfokuset så er det også blant anna møteplan, gudstenesteplan med ofringar, rekneskap og budsjett med meir (sjå årsplan) som skal opp i råda.

**Forslag til vedtak**

Årshjulet vert omsnakka og fastlagt slik rådet ønsker for det komande året.

**Møtehandsaming**

Sjå vedlegg for kva tema ein ønsker, fører på etiske retningslinjer som tema i septembermøtet. Små endringar i oppsettet ang. årstal.

**Vedtak**

Årshjulet er omsnakka og fastlagt slik rådet pr. i dag ønsker det.

[Lagre vedtak]

# 27/25 Revidering av budsjett for 2025

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Talgje sokneråd | 21.05.2025 | 27/25 |

**Saksorientering**
Vedlagt er rekneskap pr 1. mai – 2025 Rådet har tidlegare vedteke eit budsjett for 2025 og kan sjå om det er behov for å justere budsjettet for inneverande år. Det er sendt ut ein faktura for egenbetaling for kulturarrangement på Fogn i februar – når desse pengane kjem på konto vil det vere eit overskot på om lag kr 10 000,- pr. no.

**Forslag til vedtak**

Rekneskapen for første del av 2025 er teken til orientering og budsjettet blir evt justert i møtet.

**Vedtak**

Rekneskapen for første del av 2025 er teken til orientering. Budsjettet står slik rådet tidlegare har vedteke det.

[Lagre vedtak]

# 28/25 Sommaropen kyrkje

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Talgje sokneråd | 21.05.2025 | 28/25 |

**Saksorientering**
Det er sendt inn ein felles søknad til Kirkerådet om støtte til ung sommarjobb for ungdom 13 – 20 år knytta til sokna våre. Moglege jobbar er vertskap for open kyrkje på Talgje og evt andre stader. I tillegg kan dei unge få vere med på diakonale oppgåver, evt. oppgåver knytta til musikk og gudstenesteliv, samt andre kyrkjelege oppgåver som er i perioden juni – august. Me har søkt om støtte på kr 25 000,- og har pr i dag ikkje fått svar. Viss positivt svar vil me lokalt etterspør ungdom som kan tenke seg ein jobb i kyrkja. Målet er at dei unge skal få innblikk i kyrkjelege arbeidsoppgåver og evt også få lyst til å jobbe i kyrkja i framtida. Viss me skulle få negativt svar på søknaden, ser ein ikkje at me har økonomi til å lyse ut stillingar for ungdom denne sommaren. Kan ein likevel ha ein turnusordning med frivillige som vil vere vertskap for open kyrkje på Talgje? F.eks. ope kvar laurdag og sundag 2 timar og ein vekedag 2 timar? Til orientering så vil det i løpet av året bli nye låsar på kyrkjene våre og dermed vil ein også måtte låse kyrkja på Talgje.

**Forslag til vedtak**

Soknerådet tek saka til orientering og drøftar i møtet om det kan vere frivillige og/eller tilsette som kan ha open kyrkje på Talgje denne sommaren.

**Møtehandsaming**

*Soknet har fått støtte frå Kirkerådet på kr 25 000,- Me har informert om ordninga på finnoykyrkja.no og på fb Kyrkja i Finnøy og Talgje kyrkje. Det er også sendt ut mail til nokre føresette og ungdommar som tidlegare har hatt jobb eller vore interessert i jobb i kyrkja. Søknadsfristen er 5. juni med ein mail til dagleg leiar. Hovudoppgåver er open kyrkje på Talgje og medverknad i gudstenester og andre kyrkjelege handlingar, samt diakonale oppgåver.*

**Vedtak**

Soknerådet tek dette til orientering.

[Lagre vedtak]

**Orienteringssaker**

## 29/25 Orienteringssaker

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Talgje sokneråd | 21.05.2025 | 29/25 |

## Saksorientering
Sakene vert lagt fram enten munnleg eller til gjennomlesing skriftleg.

## Forslag til vedtak

Sakene er tekne til orientering.

## Møtehandsaming

Referat frå Stavanger krk fellesråd – til gjennomlesing.
Fasteaksjonen – det kom inn kr 22 745,- som er ei auke på 28,5 % frå 2024. Det har ein effekt at det var dør til døraksjon på Halsnøy, Fogn og Talgje. Ein får mindre inn ved bare å ha stand på butikkane.
Talgje kyrkje – blei akkurat ferdig restaurert inne til konfirmasjonsundagen 11. mai. Utvendig står det stillas på sørsida. Tanken er at dei også skal ha vedlikehald på inngongspartiet, er utsikkert når det skjer, men i løpet av tida fram til 2027. Soknerådet vil markere når heile restaureringsarbeidet er ferdig.
Munnleg tilbakemelding frå rådsleiarsamlinga på Statens hus 29. mars v/Eilef
Protokoll frå årsmøte til Kirkens SOS – Else Jorunn informerte.
Referat frå møte i ansvarskomiteen – til gjennomlesing.
Info frå møte i diakoniutvalet 14. mai- skriftleg referat kjem til neste møte.
Info frå møte i trusopplæringsutvalet 19. mai – skriftleg referat kjem til neste møte.
Søknad er sendt til KKM for evt konsert/allsong med Morten Samuelsen i Fogn kyrkje, er også sendt søknad for eit arrangement som skal vere 14. okt. i Fogn kyrkje. Mari Hauge har julekonsert i Talgje kyrkje 20. des. og sender sjølv søknad til denne konserten.
Diverse informasjon om Stavanger 900 år Merk jubileumshelg Tungenes prosti 7.-9. nov. med blant anna historisk spel i Hesby kyrkje v/Ryfylke Livsgnist.
Opningsgudsteneste i Hesby kyrkje 19. okt. kl 1100 og 1300

## Vedtak

Sakene er tekne til orientering.

[Lagre vedtak]

## Eventuelt

Minner om kildesortering – behov for å setje opp lapp ved gravplassane om dei sorterer ut det som skal til kompost og det som er restavfall. Heidi lagar ein plakat og heng opp.
Generelt er det ønske om kildesortering alle stader.
Kantklipping ved vegen opp til Talgje kyrkje – Heidi ber Roda om å slå her.
Kyrkja vår – gje ny lesetilgong til soknerådsmedlem.
Talgje kyrkje har behov for nytt lydutstyr – dei melder tilbake om kva.
Generelt ønske om at soknerådet følger opp idear som kjem opp i rådet. Eks. felles barnekoroppttrinn.

DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd

| Sakshandsamar | Arkivkode | Arkivsak | Ugradert |
|---|---|---|---|
| Heidi Bø Sangedal | 310 | 23/04625-8 | |

| Saksnummer | Råd/utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 32/25 | Talgje sokneråd | 03.09.2025 |

# Det lokale kyrkjelydsarbeidet på øyane våre. I dag: Halsnøy

## Saksorientering
Me vil framover ha fokus på kvar kyrkjelyd i møtene våre. Då vil også dei tilsette frå kvar plass bli invitert med. I dette møte har me fokus på Halsnøy. Kyrketenar Sissel S Halsne blir med.

## Forslag til vedtak
Samtalesak

**DEN NORSKE KYRKJA**
Talgje sokneråd

| Sakshandsamar | Arkivkode | Arkivsak | Ugradert |
|---|---|---|---|
| Heidi Bø Sangedal | 610 | 24/00449-11 | |

| Saksnummer | Råd/utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 33/25 | Talgje sokneråd | 03.09.2025 |

# Etiske retningslinjer i arbeidet med born og unge

## Saksorientering
I førre møte var retningslinjer for arbeidet med born og unge oppe til godkjenning. Rådet ønska at saka vart lagt fram som eit tema i neste møte. Sjernarøy og Hesby sokneråd har vedteke retningslinjene i vår. Revidert brosjyre og dokument er vedlagt.

*I punkt 5 står det: "Det er soknerådet som har ansvaret for utforming, opplæring i og handheving av dei etiske retningslinjene, og for eventuelle sanksjonar." Når me nå har brukt tid på utforminga av vedtektene og dei to andre dokumenta som høyrer til, kan det vera viktig å ta oss tid til ein samtale om innhaldet og soknerådet sitt ansvar.*

*Else Jorunn er beden om å innleia til samtalen. Det vil vera fint om den enkelte merker seg noko spesielt som ein meiner er viktig å ta fram, eller har eit spørsmål eller ei problemstilling som ein ynskjer å drøfta. Det viktigaste i dette møtet er samtalen rundt bordet.*

## Forslag til vedtak
Samtalesak.

## 4.0 Varsel om seksuell krenking

### 4.1 Når me mottek ei skulding om krenkingar, er det viktig å hugse på:

- Lytt nøye, og stadfest det du høyrer. Ta vare på forteljinga.
- Ikkje driv eiga etterforsking eller gjer noko som kan øydelegge bevis for politiet.
- Ikkje gjer andre oppgåver enn det som ligg under ditt ansvarsområde.
- Forsøk å skape ein god relasjon til den som fortel om overgrepet, som vanlegvis er den utsette sjølv. Unngå å stille spørsmål ved vedkomande sitt truverd.
- Ikkje kontakt den som blir skulda, på nokon som helst måte i startfasen.
- Ikkje bring den utsette og den mistenkte saman i eit "meklingsmøte".
- Kontakt beredskapsteam.

**Dersom vedkomande er under 16 år**

Dersom informasjon om krenkingar kjem fram i ein fortruleg samtale frå eit barn under 16 år, er det viktig å ikkje love hemmeleghald. Ein må la barnet få fortelje fritt, utan å stille for mange spørsmål, og prøve å finne ut om barnet har snakka med andre om dette tidlegare og eventuelt med kven. Ein skal også opplyse om at foreldra vil bli informerte, dersom det ikkje er grunn til å tru at foreldra er involvert i saka. ***Etter samtalen, skriv ein ned det ein har høyrt så nøyaktig og ordrett som mogleg, med tanke på ei eventuell straffesak.*** Dersom ein mistenker at barn er utsett for seksuelle krenkingar, bør fagpersonell stå for vidare undersøkingar.

**Dersom vedkomande er mellom 16 og 18 år**

Dersom det blir formidla om krenking frå ein person mellom 16 og 18 år, treng ein normalt samtykke frå personen for å gå vidare med informasjonen til foreldre eller soknet sitt beredskapsteam. Me kan tenke oss unntak der det er snakk om svært grove krenkingar. Uansett skal ein i slike tilfelle gjere vedkomande kjent med at saka vil bli meld anonymt til soknet sitt beredskapsteam, for å få råd om kva som er rett å gjere.

**Dersom vedkomande er over 18 år**

Me må ha samtykke frå vedkomande før me kan bringe informasjon vidare, og me må oppfordre den krenka til å gje oss dette. Når den krenka er vaksen, vil vedkomande sjølv vere den viktigaste informasjonskjelda i den vidare etterforskinga.

Når me har avslutta samtalen og tatt kontakt med beredskapsteamet, er det dei som har ansvaret for den vidare oppfølginga. Eventuell kontakt med foreldre er ein del av denne oppfølginga.

*For meir utfyllande informasjon, vil me tilrå å lese «Hva gjør vi når seksuelle grenser blir krenket?»; retningslinjer for forebygging og håndtering av seksuelle krenkelser i menighetene, fra Stavanger bispedømmeråd (http://www.kirken.no/stavanger)*



# Førebygging og handtering av seksuelle krenkingar i Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn.

**I Den Norske Kyrkja er det nulltoleranse for seksuelle overgrep, grenseoverskridande seksuell åtferd eller anna form for trakassering av eit anna menneske. Grenseoverskridande åtferd og overgrep er brot på dei etiske reglane som gjeld for alle medarbeidarane i kyrkja, både tilsette, frivillige og tillitsvalde.**

Vedteke av Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn, våren 2025

Ut frå det kristne menneskesynet, har alle menneske lik verdi og krav på respekt for eigen kropp og eigne grenser. Me ynskjer at Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn skal vere ein trygg arena for alle menneske. Samtidig må me vere realistiske i forhold til at seksuelle krenkingar kan skje, også i soknet sitt arbeid. Sokna ynskjer difor at tilsette, sokneråd og leiarar i barne- og ungdomsarbeidet skal ha eit medvite forhold til korleis me kan førebyggje og handtere seksuelle krenkingar.

## 1.0 Kva er ei seksuell krenking?

### 1.1 Definisjon

Seksuelle krenkingar kan definerast som misbruk av rolle og makt, der eit menneske i ein sårbar situasjon blir utnytta i staden for å bli beskytta. Det handlar om at ein person utnyttar si stilling eller posisjon overfor ein som han/ho står i eit hjelpeforhold til, ved å opptre på ein seksualiserande måte, eller ved å innleie eit seksuelt forhold til vedkomande. Med seksuelle krenkingar meiner me heile spekteret av seksuelle grenseoverskridingar, frå seksuell åtferd til seksuell omgang.

### 1.2 Makt

For leiarar på alle nivå, er det viktig å vere seg bevisste den makta ein har i kraft av rolla som leiar. I relasjonen mellom leiar og deltakar, har leiaren størst makt og difor ansvar for å syte for at den andre si intimitetsgrense ikkje vert krenka.

### 1.3 Skadeverknader

Me ser på mennesket som ein heilskap. Dette inneber at eit menneske som blir krenka på det seksuelle området, kan få alvorlege problem både fysisk, psykisk, åndeleg og/eller sosialt.

## 2.0 Korleis kan me førebyggje seksuelle krenkingar?

Me ynskjer å ha tydelege rammer rundt arbeidet som blir drive, og å ta opp tema som sunn seksualitet og grensesetjing.

### 2.1 Informasjon

Temaet seksuelle krenkingar blir tatt opp i sokneråda i starten av perioden, og i stab og med alle leiarar knytt til barne- og ungdomsarbeidet ein gong i året. Ansvarleg for at dette blir gjort er soknerådsleiar, dagleg leiar og kyrkjelydspedagog. Nye medarbeidarar innan barne- og ungdomsarbeidet, både lønna og frivillige, skal personleg bli gjort kjende med soknet sine retningslinjer for førebygging og handtering av seksuelle krenkingar.

### 2.2 Arrangement, tur og leir

- Når sokna arrangerer tur/overnatting med barn og unge, skal det vere minst to vaksne leiarar (over 18 år)
- Dersom det er deltakarar av begge kjønn, bør det normalt også vere leiarar av begge kjønn.
- Det skal vere ein leiar per åttande barn/ungdom.
- Leiarar skal utvise varsemd når dei skal inn/ er inne på deltakarane sine rom.
- Rettleiingssamtalar av personleg og kjenslevar karakter skal vere kjent og skje på eige samtalerom i nærleiken av fellesrom. Ein før ikkje gjennomføre slike samtalar etter at rosignal har gått.
- Alle medarbeidarar skal vite at kyrkja har nulltoleranse for seksuelle krenkingar. Dersom det oppstår eit kjærastforhold mellom til dømes ungdomsleiar og konfirmant, må leiaroppgåva overtakast av ein annan medarbeidar.

## 3.0 Korleis handterer me ei skulding om seksuelle krenkingar?

### 3.1 Beredskapsteam

Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn har eit beredskapsteam. Dette skal varslast med ein gong ved skulding om seksuelle krenkingar, under føresetnad at me har tillating frå den som er krenka. Beredskapsteamet består i utgangspunktet av sokneprest, dagleg leiar, diakon og soknerådsleiar i det soknet varslinga finn stad.
Dersom beredskapsteamet berre består av medlemer av same kjønn på tidspunktet det meldast frå om seksuelle krenkelsar, skal det med ein gon supplerast med minst ein person av motsett kjønn.

**Beredskapsteam i Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn består per 01.10.25 av:**
Sokneprest Terje Engstrøm (Hesby sokn) tlf.: 938 64 182 og Ola Aasland Vold tlf.: 952 15 181 (Sjernarøy og Talgje)
Dagleg leiar Heidi Bø Sangedal tlf.: 470 10 909, diakonimedarbeidar Ingvild Angelskår Moen tlf.: 952 24 385
Soknerådsleiarane i Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn.

**Beredskapsteamet skal med ein gong:**

- kontakte politiet for fagleg rettleiing.
- kontakte fellesråd og bispedømmeråd for bistand.
- formidle informasjon om kontaktpersonordninga.

# Etiske retningslinjer for barne- og ungdomsarbeidet i Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn.

## 1. Formål

Formålet med barne- og ungdomsarbeidet i sokna er å skape miljø der born og unge kan bli kjende med og kome til tru på Jesus Kristus, få opplæring som kristne, finne vener og utvikle seg som menneske.

## 2. Leiarskap

Som følge av kyrkja si ordning skal soknerådet forståast som leiarskap for soknet sitt virke. Sokneråda har gjeve dagleg leiar mynde til å utøve dagleg forvaltning og leiing av soknet sitt virke.
Enkeltpersonar og grupper har som oftast ansvar for den daglege drifta av aktivitetane.

Alle som deltek som vaksen- eller ungdomsleiarar er forplikta til å følge etiske retningslinjer for barne- og ungdomsarbeidet når dei deltek i soknet sine aktivitetar.

Som leiar reknast dei som er definert leiar for gruppa, eller medlem av styret i aktivitetsgruppa.

Alle undergrupper i barne- og ungdomsarbeidet skal ha ein ansvarleg hovudleiar over 18 år.

### Informasjon

Dei etiske retningslinjene gjennomgåast i soknerådet i starten av perioden, og i stab og med alle leiarar knytt til barne- og ungdomsarbeidet ein gong i året. (Soknerådsleiar,) Dagleg leiar og leiar for barne- og ungdomsarbeidet er ansvarleg for at dette vert gjort. Nye medarbeidarar innan BU-arbeidet, både lønna og frivillege, skal personleg bli gjort kjend med soknet sine etiske retningslinjer.

## 3. Trusgrunnlag

Hovudleiarar og dei som har ansvar for ulike former for formidling av den kristne tru må sjølv vedkjennast denne. Kristne frå andre kyrkjesamfunn må respektere Den norske kyrkja sitt trusgrunnlag når dei deltek i soknet sitt arbeid.

## 4. Konkrete etiske retningslinjer

### *A: Haldningar til deltakarane*

Barne- og ungdomsarbeidet i soknet er ope for alle i målgruppa for aktiviteten. Leiarane har eit særskild ansvar for å inkludere dei som møter opp i fellesskapet, og for å inspirere dei øvrige deltakarane til å ta vare på kvarandre.

Alle born og unge har krav på respekt for eiga tru, bakgrunn og personlegdom.

### *B: Rus*

Alle soknet sine aktivitetar for born og unge skal vere rusfrie soner. Med dette meinast at verken leiarar eller deltakarar skal vere påverka av eller nytte alkohol eller andre rusmiddel på området der aktiviteten føregår.

### *C: Sjelesorg og rettleiing*

Sjelesorg er fortrulege samtalar om personlege og andelege forhold mellom ein hjelpar og ein som søker hjelp.

Det er ynskjeleg at born og unge som deltek i soknet sitt arbeid skal ha eit tilbod om sjelesorg. Primært er det diakon, prest, kyrkjelydspedagog eller spesielt kvalifiserte frivillege som skal stå for dette. Dette gjeld også for å rettleie og trygge dei som har særskilde leiarroller.

Dersom ein person tiltrur seg ein leiar utan sjelesorgansvar i barne- og ungdomsarbeidet om psykiske problem (t.d. sjølvmordstankar, depresjon, eteforstyrringar), seksuelle overgrep,

rusmisbruk, vald eller andre større problemkompleksar, skal den vedkommande tiltrur seg til alltid kontakte diakon, prest eller kyrkjelydspedagog for vidare å begrense seg sjølv til å lytte til den historia vedkomande har å fortelje.

Diakon, prest og kyrkjelydspedagog som utøver sjelesorg i våre sokn, har teieplikt. For prestane gjeld det etter lova særlege reglar for teieplikt som også omfattar presten sine medhjelparar.

Dersom det kjem fram at vedkommande har blitt utsett for noko kriminelt og etter lova er eit barn, har dei som får vite det, plikt til å orientere barnevernet. I slike tilfeller skal alltid ein av soknet sine kvalifiserte sjelesørgarar takast med i prosessen. Vegen til kontakt med barnevernet skal sjelesørgaren alltid gå saman med barnet.

Det skal aldri vere fysisk kontakt mellom ein som søker sjelesorg og den som hjelper. Unntak er forbøn med handspålegging. Under forbøn plasserast hendene på skulderpartiet eller på hovudet. Men også her er atterhald å tilrå. Hugs å avklare på førehand om fysisk kontakt ved bøn er greitt for den som søkjer sjelesorg og bøn. Den som ber om sjelesorg skal alltid stå i sentrum.

*D: Seksualitet*

Det auka medvitet om seksualitet og seksuelle overgrep i vår tid, samt problematikken sin alvorlege karakter, gjer det nødvendig å ha utførlege og presise retningslinjer på dette området.

<u>Grunnlag</u>

Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn sitt barne- og ungdomarbeid skal vere ein stad der born og unge kan vere trygge. Seksuell grenseoverskridande åtferd, uynskte seksuelle handlingar og seksuelle overgrep skal handterast profesjonelt, i samsvar med norsk lov. Formell og uformell yrkesetikk for soknet sine tilsette, inkludert frivillege, og dei etiske retningslinjene for barne- og ungdomsarbeidet skal vere gjeldande.

<u>Normer</u>

Det skal ikkje forekomme nokon form for seksuell merksemd, fysisk eller verbal, mellom leiarar og deltakarar i barne- og ungdomsarbeidet.

Leiar skal ikkje innleie kjærastforhold til ein vesentleg yngre deltakar. Med vesentleg yngre meinast ein aldersskilnad mellom leiar og deltakar på 3 år eller meir når deltakaren er 15 år eller yngre. Dersom eit slikt forhold oppstår, skal nærmaste leiar ta initiativ til ein samtale. Leiaren plikter å rette seg etter aktuelle råd hvis han/ho ynskjer å halde fram som leiar.

Seksuelt krenkande eller uanstendig åtferd, uynskte seksuelle handlingar og seksuell omgang er grove brot på norsk lov, allmenn etikk og soknet sine etiske retningslinjer.

<u>Korleis handterer me ein anklage om seksuelle krenkingarr?</u>

Dersom ein mistenker eller har fått rapport om brot på desse reglane, pliktar ein å orientere prest, diakon, kyrkjelydspedagog eller dagleg leiar.

Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn har eit beredskapsteam som består av sokneprest, diakon, dagleg leiar og den aktuelle soknerådsleiar der varslinga gjeld. Dersom beredskapsteamet kun består av medlem
av same kjønn på tidspunktet det meldast om seksuelle krenkingar, skal det umiddelbart supplerast med minst èin person av motsett kjønn.

Beredskapsteamet skal umiddelbart:

- Kontakte fellesråd og bispedømmeråd for bistand
- Formidle informasjon om kontaktpersonordninga
- Kontakte politiet for fagleg rettleiing ved behov

Beredskapsteamet handterer saka vidare etter retningslinjer utarbeida av Stavanger bispedømmeråd:
[Krise og beredskap - Stavanger bispedømme]

## 5. Ansvar

Sokneråd, tilsette og frivillege leiarar skal alle arbeide for at undergrupper i barne- og ungdomsarbeidet blir trygge og gode fellesskap, der born og unge kan trivast og utvikle seg som menneske og kristne.

Det er soknerådet som har ansvaret for utforming, opplæring i og handheving av dei etiske retningslinjene, og for eventuelle sanksjonar. Alle med leiarfunksjonar i barne- og ungdomsarbeidet i soknet skal orienterast om retningslinjene og må signere på at dei er gjort kjend med dei. Slik kan dei sjølv bli verna mot feilgrep, og aktivitetane våre kan framstå som trygge og gode miljø for menneskeleg og kristen vekst.

*Vedteke i Hesby, Sjernaøry og Talgje sokneråd våren 2025*

# Etiske retningslinjer – samandrag

**Formål**
Formålet med barne- og ungdomsarbeidet i Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn er å skape miljø der born og unge kan bli kjende med og kome til tru på Jesus Kristus, få opplæring som kristne, få vener og utvikle seg som menneske.

**Som leiar skal eg:**

- Følgje dei etiske retningslinjene i soknet når eg deltek i soknet sine aktivitetar
- Ta vare på andre deltakarar i fellesskapet
- Vere med å sørge for at soknet sine aktivitetar er rusfrie soner
- I relasjon til andre:
    - Fortrinnsvis skjer samtalar avtalt og på tomannshand
        - med deltakar og leiar av same kjønn
        - med open dør til rommet eller i en rolegare del av fellesrom
        - meld frå til ein annan leiar i forkant om at samtale finn stad
    - Samtalar på tomannshand bør skje før rosignal har gått
    - To leiarar går saman på godnatt-runde/god morgon-runde ved overnatting
    - Unngå fysisk kontakt mellom den som søker samtale og den som hjelper. Unntak er forbøn med handspålegging. Avklar på førehand om den som søker samtale og/eller forbøn ynskjer handspålegging ved bøn. Under forbøn blir hendene plassert på skulderpartiet eller på hovudet. Atterhald er å tilrå. Den som ber om sjelesorg sine behov skal alltid stå i sentrum.
- Ein er plikta til å melde frå om mistanke om, eller faktiske brot på soknet sine etiske retningslinjer til presten, diakonen, kyrkjelydspedagogen, dagleg leiar eller leiar av soknerådet.
- Samtalar med deltakarar er teiepliktig.

Eg har lese og forstått Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn sine etiske retningslinjer, og plikter å følgje desse når eg deltek i soknet sitt arbeid.

__________________________________________

*Signatur*

DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd

| Sakshandsamar | Arkivkode | Arkivsak | Ugradert |
|---|---|---|---|
| Heidi Bø Sangedal | 310 | 23/04625-7 | |

| Saksnummer | Råd/utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 34/25 | Talgje sokneråd | 03.09.2025 |

# Godkjenning av gudstenesteliste for våren 2026

**Vedlegg:**
Gudstenestekalenderen januar - August 2026– Kopi

## Saksorientering
Gudstenestelista for våren 2026 er vedlagt. Gudstenestene er lagt med bakgrunn i tidlegare oppsett med om lag ei gudsteneste i månaden på kvar plass. Det er i utgangspunktet gudsteneste kvar første sundag i månaden, grunna møtehelg på bedehuset på Talgje som er varsla i god tid er det foreslått gudsteneste på Talgje 8. mars i staden for 1. mars. Det er og eit spørsmål om ein skal flytte gudstenesta på Halsnøy som er foreslått 10. mai til 31. mai.

## Forslag til vedtak
Gudstenestelista blir godkjent slik den ligg føre med evt endringar som kjem fram i møtet.

# Kalenderplan Vår 2026

NB: Gudstenester kan endres i juni, juli og august, når ferieplanene blir lagt.

## Januar 2026

| Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag | Tekstar | Fri |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 1 | 2 | 3 | 4<br>**1100 Talgje** TE<br>Tekst:<br>Nattverd<br>Takkoffer: NMS | ***Kristi åpenbaringsdag*** | Ola |
| 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11<br>**1100 Hesby** Ola<br>Nattverd<br>Tekst:<br>Kv:<br>Nattmj:<br>Takkoffer: NMS | ***2. søndag i åpenbaringstiden*** | TE |
| 12 | 13 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18<br>**11:00 Fogn**<br>Tekst:<br>Nattverd<br>Takkoffer: NMS<br><br>**1030 Halsnøy**<br>Tekst:<br>Nattverd<br>Takkoffer: NMS<br><br>**1245 Jørstad**<br>Tekst:<br>Nattverd<br>Takkoffer: NMS | ***3. søndag i åpenbaringstiden*** | |
| 19 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25<br>**1100 Sjernarøy Bibeldag**<br>Tekst: Konfirmantar \| 5kl<br>Takkoffer:Bibelselskapet<br><br>**1100 Hesby**<br>Nattverd<br>Tekst:<br>Kv:<br>Nattmj:<br>Takkoffer:Kyrkjelydsarbeidet<br>Kyrkjekaffi: | ***4. søndag i åpenbaringstiden*** | |
| 26 | 27 | 28 | 29 | 30<br>1800-Utsyn Weekend | 31<br>Til 12:00<br>Weekend Utsyn | | | |

## Februar 2026

| Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag | Tekstar | Fri |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | 1 | ***5 Sun i Openber*** | |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | **1100 Talgje**<br>**Bibeldag**<br>Tekst: Konfirmantar \| 5 kl<br>Takkoffer: Bibelselskapet | | |
| 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8<br>**1100 Hesby**<br>**Bibeldag**<br>Tekst: Konfirmanter \| 5 kl/<br>Takkoffer: Bibelselskapet<br>KV:<br>Kyrkjekaffi: | ***6 Sun i Openberr*** | |
| 9 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 | 15<br>**1100 Fogn**<br>**Bibeldag**<br>Tekst: Konfirmantar \| 5 kl<br>Takkoffer: Bibelselskapet<br><br>**1030 Halsnøy**<br>**Bibeldag**<br>Tekst: Konfirmant \| 5 kl<br>Takkoffer: Bibelselskapet<br><br>**1245 Jørstad**<br>**Bibeldag**<br>Tekst: Konfirmant /5 kl<br>Takkoffer: Bibelselskapet | ***Såmannsundag*** | |
| 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 | **22**<br>**1100 Hesby**<br>Tekst:<br>Kv:<br>Nattmj:<br>Forsongargr:<br>Takkoffer: Misjonsprosjektet<br>Kyrkjekaffi:<br><br>**1100 Sjernarøy**<br>Tekst:<br>Nattverd<br>Takkoffer: NMS | ***Kristi Forklaringsdag*** | Vinterferie 23-27 feb |
| 23 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 | | | Vinterferie |

## Mars 2026

| Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag | Tekstar | Fri |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | 1<br>**1030 Halsnøy**<br>Samtalegudsteneste<br>Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet<br>Tekst: Konfirmantar<br><br>**1245 Jørstad**<br>Samtalegudsteneste<br>Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet | **Fastelavnnsundag**<br>**Siste sundag i vinterferien** | |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | Tekst:Konfirmantar | | |
